



## Notat

Dato  
LEIKANGER, 14.06.2016

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, møte 22. juni 2016

### Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin i Movika

FT har i budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019, sak 68/2015, vedteke at det skal utarbeidast forprosjekt for fellesmagasin og utstillingsbygning i Movika, med grunnlag i det nedskalerte konkurranseutkastet «Kløften». Forprosjektet skal m.a. danne grunnlag for søknad om statleg medfinansiering, søknadsfrist 1. april 2017.

Førde kommune har ved vedtak i formannskapet 10.03.16 (sak 010/16) garantert for å vere med å dekke 50% av kostnadane (inntil 2,5 mill. kr) til forprosjektet viss prosjektet ikkje vert realisert. Førde kommune føresett i sitt vedtak at Musea i Sogn og Fjordane (MiSF), i lys av drøftingar kring alternative løysingar, stadfestar at det er løysinga i Movika ein vel å gå vidare med.

Fylkeskommunen har i gjeldande økonomiplan føreset at:

- Det må lagast ein avtale mellom partane som regulerer ansvarsfordelinga for finansiering og drift.
- Fylkeskommunen vert eigar av den delen av bygget/eigedommen som fylkeskommunen finansierer.

Ein føresetnad for å starte arbeidet med forprosjektet er – både frå kommunal og fylkeskommunal side – at MiSF stadfestar løysinga og aktivt medverkar i prosessen.

Fylkesrådmannen har vore avventande med å starte forprosjektarbeidet, då det har vore noko ukjårt om MiSF prioritærer prosjektet. Problemstillinga har vore knytt til dei totale utfordringane MiSF står ovanfor når det gjeld lager/magasin. Samstundes har eigarane av Ramstadbygget i Angedalen i Førde signalisert til MiSF at det er mogleg å tinge om eit rimelegare kjøp om dei framleis er interesserte.

Fylkesrådmannen har ved fleire høve ført drøftingar med MiSF om dette. Førde kommune og fylkeskommunen, som saman tek risiko knytt til utviklingskostnaden (forprosjektet), har sett som vilkår for å starte arbeidet at MiSF må gjere tydeleg sine prioriteringar.

I møte mellom MiSF og fylkeskommunen 27.05.16 vart saka drøfta og partane vart samde om ei skisse, som gav grunnlag for at styret for MiSF 14.06.16 gjorde slikt vedtak:

#### **«Fellesmagasin og museumsbygg til Sunnfjord museum**

*Styret for MiSF godkjener følgjande for den vidare prosessen:*

*Styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (stiftinga) stiller seg bak fylkestinget sitt vedtak om å setje i gang forprosjekt for bygging av «Kløften» som inkluderer magasindel. Utan magasindelen er «Kløften» ikkje gjennomførbar i noverande versjon.*

*Styret i stiftinga arbeider med to parallelle prosjekt:*

- **Magasin 1** er magasinet for dei mest verdfulle og sårbare gjenstandane med krav til luftfuktning, stabil temperatur, avgrensing av støv, lystilhøve med meir. Romprogrammet for «Kløften» må reviderast og tilpassast dagens behov for MiSF ut frå ei museumsfagleg vurdering.
- **Magasin 2** er eit magasin som stettar klimakrav for båtar og store museumsobjekt, landbruksgjenstandar og -maskiner.

*Det er føresett at politisk leiing i fylkeskommunen og andre samarbeidspartar er orientert i form av eit notat.*

*Det gir følgjande **handlingsrekke**:*

1. *Stiftinga utarbeider eit prospekt for «Magasin 2». Dette skal greie ut*
  - *tronen for lagring av større gjenstandar*
  - *dagens løysingar og driftskostnaden ved desse*
  - *alternative løysingar og drifts- og investeringskostnader ved desse*
  - *Ramstadbygget og drifts- og investeringskostnader utan tilrettelegging ut over det som er naudsynt for trygg lagring.*
  - *Finansiering, eigne midlar og statleg/kommunal medverknad.*
  - *Styret i stiftinga tek stilling til «Magasin 2» som sjølvstendig alternativ.*

*Mål:*

*Synleggjere tilleggskostnad på drift, om slik finst, ved Ramstadbygget samanlikna med alternative løysingar. Synleggjere investeringskostnad for «Magasin 2».*

2. *Fylkeskommunen set i verk forprosjekt for «Kløften» inkludert fasilitetar for «Magasin 1» ut frå den kalkyleskissa som ligg føre.*
3. *Dersom forprosjektet i mars 2017 viser seg å ha for stort avvik kostnadsmessig eller det oppstår andre uforutsette saker, blir det gjennomført drøftingar med tanke på full tilpassing av Ramstad-bygget for også å kunne tene som «Magasin 1». Fylkeskommunen tek då sikte på å lansere eit alternativt prosjekt for fellesmagasin som erstattar planane om «Kløften».*
4. *Dersom forprosjektet stadfestar kvaliteten i kalkyleprosjektet, vert hovudprosjektet, bygging av «Kløften», sett i verk, og stiftinga er då budd på delt magasinløysing....»*

Styret ber vidare direktør i MiSF innleie tingingar med eigar av Ramstad Eskefabrikk med mål om å kjøpe anlegget.

Rådmannen i Førde er orientert og vil samtidig med framlegginga av dette notatet orientere formannskapet sitt 22.06.16.

**Fylkesrådmannen vil – dersom fylkesutvalet ikkje skulle ha merknader – starte arbeidet med nemnde forprosjekt.**